



FRIVILLIGHETNORGE

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet  
postboks 8036 dep  
0030 OSLO

11. mai 2012

## HØYRINGSSVAR FRÅ FRIVILLIGHET NORGE PÅ NOU 2011:20 UNGDOM, MAKT OG MEDVIRKNING.

### Innleiingsvis

Frivillighet Norge er ein interessepolitisk samarbeidsorganisasjon for frivillige organisasjonar. Vi har medlemmar frå alle delar av den frivillige sektoren: idrett, kultur, barne- og ungdomsorganisasjonar, miljøbevegelse, innvandrorganisasjonar osb. Til saman har våre 280 medlemsorganisasjonar meir enn 60 000 lokale lag over heile landet.

Høyringsvaret frå Frivillighet Norge er avgrensa til dei tema som er omhandla i mandatet vi har fått i den Frivillighetspolitiske plattformen vår, som medlemmane våre har utvikla. Les plattformen her:

[http://www.frivillighetnorge.no/no/Om\\_Frivillighet\\_Norge/Frivillighetspolitisk\\_Plattform/](http://www.frivillighetnorge.no/no/Om_Frivillighet_Norge/Frivillighetspolitisk_Plattform/) .

Høyringsvaret er handsama organisatorisk i Frivillighet Norge og gjev uttrykk for medlemmane si felles oppfatning. Ei rekkje av våre medlemsorganisasjonar har eit vidare mandat i høve til dei tema som utgreiinga handsamar. Dei omtalar desse i egne separate høyringsvar.

### Generell kommentar

Frivillige organisasjonar er dei viktigste byggesteinane i sivilsamfunnet. Frivillighet Norge meiner at det er viktig og riktig at det vert lagt vekt på frivillige organisasjonar som ein kanal for innflytnad for ungdom i utgreiinga. Barne- og ungdomsorganisasjonar er ein viktig del av ein stor og mangfaldig frivillig sektor i Norge. Barne- og ungdomsorganisasjonane sine vilkår vert prega både av ordningar retta særskilt mot desse og av alle andre offentlege ordningar, haldningar og kunnskapar, på alle nivå, retta mot frivillig sektor.

Det er ein nordisk tradisjon og eit ideal for dei frivillige organisasjonane å vere opne for alle som har lyst til å delta. Offentlege myndigheiter må gjennom sin frivillighetspolitikk bidra til at denne tradisjonen vidareførast. Ein stor og mangfaldeg frivillig sektor i Noreg legg grunnlaget for at Noreg ligg i verdstoppen i frivillig innsats<sup>1</sup>.

Nedanfor følgjer våre kommentarar til utgreiinga og forventingar til oppfølging frå myndighetene.

---

<sup>1</sup> *Fra folkebevegelse til filantropi? Frivillig innsats i Norge 1997-2009 (Wollebekk og Sivesind)*, utgitt ved Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.

### **Til utvalet sitt forslag i kapittel 3. Skolens demokratioppdrag**

Utvalet foreslår at skulen skal ha ei opa haldning til organisasjonar og politiske parti, og at elevar sitt engasjement utanfor skulen vert anerkjent. Vidare foreslår utvalet at elevar i vidaregåande skule skal få rett til 20 dagars fråver, og at tillitsverv og liknande kan gje grunnlag for alternative arbeidskrav i relevante fag.

Frivillighet Norge støttar opp om desse forslaga. I kapittel 4.5 Sosiale forskjeller i organisasjonsdeltakelse trekkjer utvalet fram at mangel på nettverk og informasjon er viktige årsaker til at ungdom ikkje deltek. Norske organisasjonar erfarer at ulike skular har ulike syn på og vilje til å la frivillige organisasjonar sleppe til og til å samarbeide med organisasjonane. Gjennom å la organisasjonar få presentere seg på skulen sin arena vil terskelen for å kome i kontakt med frivillige organisasjonar kunne seinkast. Vidare vil det at skulen anerkjenner ungdom sitt engasjement, gjennom å legge betre til rette for dette, bidra til å synleggjere engasjementet som ein verdi, både for ungdomane sjølv, foreldre og samfunnet for øvrig.

### **Til kapittel 4 Organisasjonskanalen**

For Frivillighet Norge er det viktig å understreke at myndigheitene må anerkjenne frivillig sektor sin eigenverdi og gjennom sin politikk bygge opp under dei ulike funksjonane som organisasjonane har, og som det er tverrpolitisk semje om, slike som m.a.:

- demokratiskule
- kanal for påverknad
- arena for læring
- arena for sosial inkludering
- beredskapsfunksjon
- arena for livsutfalding

Myndigheitene har ansvar for å føre ein heilskapleg frivillighetspolitikk. Verkemidla må bygge på ei forståing av dei verdiane, erfaringane, mekanismene og kompetansen som ligg til grunn for verksemda i frivillig sektor. Frivillighetspolitikken må også ha eit fokus på at alle offentlege tilskotsordningar og regelverk er så enkle som mogleg, slik at det blir enkelt å delta i og drive frivillig organisasjon i Norge.

Utvalet peikar på potensialet for at fleire kan bli inkludert i frivillige organisasjonar. Utvalet løftar fram den generelle samfunnsendringa med aukande sosiale skiller som ein underliggende årsak til at dette speglar seg i større grad i frivillige organisasjonar. Frivillige organisasjonar arbeider mykje med å finne gode måtar å rekruttere medlemmar og aktive deltakarar på, og å senke tersklane for deltaking. Dette er arbeid som må gjerast over tid, og som gjev resultat over tid, og som er avhengig av gode og stabile rammevilkår for frivillig sektor.

I våre kommentarar og forslag til kapittel 4 går vi ikkje inn på ordningar som gjeld barne- og ungdomsorganisasjonar spesielt, då vårt høyringssvar er konsentrert om meir sektorovergripande asepekt.

#### **1. Forenkling**

Utvalet viser til at Kulturdepartementet, etter innspel frå LNU, har satt ned ei forenklingsgruppe som skal gå gjennom alle prosedyrer og foreslå endringar for å forenkle statlege søknads- og

rapporteringsprosedyrer. Når det gjeld kommunale støtteordningar viser utvalet til at mange barne- og ungdomslag oppgjev at kommunale støtteordningar er lite søkjarvenlege.

Frivillighet Norge er som utvalet positive til at departementet vil gjere forenklingar i statlege ordningar. Vi deler også bekymringa for at kommunale støtteordningar ikkje er enkle nok å bruke. Ambisjonen om å forenkle bør gjerast gjeldane for alle ordninga og på alle forvaltningnivå.

Enkle og forutsigbare rammer for frivilligheten er verdiar som er nedfelt i samarbeidsplattforma for samspel og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor som Frivillighet Norge og Kommunenes sentralforbund inngjekk 10.01.2011. Partane anbefalar organisasjonar på lokalt nivå og dei einskilde kommuner og fylkeskommuner å etablere tilsvarande samarbeidsplattformer.

Frivillighet Norge foreslår at regjeringa stimulerer til at offentlege støtterodningar på alle nivå blir gjort så enkle som mogleg å nytte for frivillige organisasjonar. Kommunar og fylkeskommunar må føre ein heilskapleg frivillighetspolitikk og utforme denne i dialog med lokale lag og foreiningar. Plattformen for samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor er eit godt fundament for eit slikt samarbeid.

## 2. Forskning på frivillighet

Forskning på frivillighet er uttalt som eit prioritert område av regjeringa sin frivilligpolitikk. Frivillighet Norge er glad for etableringen av Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. Frivillighet Norge ser likevel mange utfordringer, både fordi videreføring av eksisterande forskingsløp er usikkert, og at det totalt sett blir forska for lite på dette området. Senteret for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor har opparbeidd mykje kompetanse på feltet, men det er uklart kva som skjer når programperioden går ut sommaren 2012.

Frivillighet Norge forventar at midlar til forskning på frivillighet blir prioritert høgare framoverer og at frivillig sektor sitt kunnskapsbehov blir ivarettatt gjennom eit uavhengig programstyre for løyvinga. Det trengs meir forskning, fleire program og fleire forskarmiljø på feltet.

For å auke deltakinga blant dei som statistisk sett har lågast deltaking, er det ikkje minst viktig å få meir kunnskap om kva som motiverar for deltaking. Dette gjeld både kva for metoder for rekruttering som bør nyttast, kva slags oppgåver og aktivitetar som motiverar og korleis ein bør organisere den frivillige verksemda.

## 3. Stabile rammervilkår

Utvalet si vurdering er at rammevilkåra for å drive barne- og ungdomsorganisasjonar er gode. Utvalet viser likevel til at tippemiddeloverskotet, som m.a. finansierer lokal barne- og ungdomsaktivitet gjennom Frifond-ordninga, har blitt mindre. I tillegg er det fleire som skal dele på overskotet, m.a. som ei følge av Grasrotandelen.

Grasrotandelen tilfører ikkje frivillige organisasjonar totalt sett auka midler, men er ei omfordeling av overskotet i Norsk Tipping. Frivillighet Norge vil åtvare generelt mot å skape ny politikk gjennom å omdisponere midlar som allereie går til frivilligheten. Stabile rammer er avgjerande for å gjere gode rammevilkår. Frivillighet Norge ser at frivillige organisasjonar må nytte mykje tid på å halde seg oppdatert om kva stønadsordningar som finst og reglane for desse.

Endringar som ikkje blir gjort i samråd med frivillig sektor skaper lett uro og meirarbeid for organisasjonane.

Manglande oppfølging av løfter til frivillig sektor skaper uro og er svært ressurskrevande for organisasjonane å forhalde seg til. Eit eksempel på dette er momskompensasjonsordninga. Denne er ein heilt sentral del av rammevilkåra for frivillig sektor, som skal kome heile sektoren til del. Regjeringa har lagt 627 mill. kr. i momskompensasjonsordninga for 2012. Dette er ein auke på 3,1 % i høve 2011, dvs. tilsvarande forventa prisauke, og med det ingen reell auke. Dette er i strid med Kulturministeren sitt løfte i brev av 16.6.2009, der han skriv at momskompensasjonen skal trappast opp til totalt 1,2 mrd kroner i 2014, og at ordninga fasast inn jamt i perioden 2010-2014.

Stillstanden i momskompensasjonsordninga fører til at mange lokale lag og foreiningar må redusere planlagt auke i aktivitetsnivået i 2012, samt at den har skapt usikkerheit rundt ordninga. Manglande oppfølging går ut over rammevilkåra for frivillige organisasjonar. Regjeringa sitt løftet om jamn innfasing av momskompensasjonsordninga må difor stå ved lag. For å nå dette må potten aukast med 300 mill kr i 2013 og nye 300 mill kr i 2014.

#### 4. Sosiale skiller i ungdom si deltaking i organisasjonar

Som eit verkemiddel for å inkludere ungdomsgrupper med låg deltaking i frivillige organisasjonar foreslår utvalet at det vert etablert eit statleg tilskot som sikrar naudsynnte ressursar til leiarkapasitet og oppfølging i organisasjonane. Vidare foreslår utvalet å opne skulen sine lokale for organisasjonar utanfor undervisningstid, og grunnjev dette med at skulen er ein inkluderande arena, som også er tilrettelagt for ulike funksjonshemmingar.

Frivillighet Norge synst det er eit godt forslag å i større grad opne skulen sine lokale for organisasjonar. Samfunnsutviklinga med større sosiale skiller, slår også inn i frivillig sektor. Vi er ikkje tent med å ha ein frivillig sektor der grupper systematisk ikkje deltek. Gjennom å styrke organisasjonane sin kapasitet til å nå ut til nye grupper og utdanne sine eigne leiarar henta frå eigne medlemmar vil ein seinke tersklane.

Frivillighet foreslår følgjande:

**a) Det vert etablert eit statleg tilskot som sikrar naudsynnte ressursar til leiarkapasitet og oppfølging i organisasjonane slik utvalet foreslår. Frivillighet Norge understrekar at ei slik tilskotsordning må utformast i nær dialog med organisasjonane.**

**b) Nasjonal nettportal for rekruttering av frivillige**

Erfaring fra Sverige viser at ein nettportal for rekruttering av frivillige fungerer godt når målet er å rekruttere personer og grupper som ikkje deltek i like stor grad som befolkninga elles. I Sverige ser ein at dei som engasjerer seg via denne nettportalen speglar befolkningssamansettinga i Sverige. Frivillighet Norge har med støtte fra BLD utgreidd moglegheiter og kostnader knytt til etablering av ein slik nettportal i Norge. Ein slik nettportal vil ha følgjande to gjensidig forsterkande mål

- å inkludere fleire, særlig blant folk med innvandrarakgrunn, i frivilligheten
- å bistå organisasjonane med omstilling til nye måtar å rekruttere på.

**Frivillighet Norge foreslår at det etablerast ein nasjonal nettportal for rekruttering av frivillige til frivillig sektor. Nettportalen må utviklast og driftast av frivilligheten sjølv, økonomisk stønad frå staten.**

Med venleg helsing



Birgitte Brekke  
Generalsekretær



Ida Marie Holmin  
Rådgjevar